# Møtereferat – Ekstremværet «Jakob» Årdal kommune

Møtedato: 14.11.2024 (kl 1100-1205)

Referatdato: 14.11.2024

| | | |
|---|---|---|
| Til stede: | Årdal kommune: | Mette Hestetun Berg |
| | | Christian Sønstlien |
| | NVE: | Jan Bakke Flore |
| | | Ivar Fivelstad |
| | | Thomas Kristensen |
| | | Randi Holme |
| | Hydro | Kristen Johannes Rockland Aarethun (kopla seg frå møte ca 1135 når ein var ferdig å diskutere Sitla). |
| Referent: | | Ivar Fivelstad |

## Sitla

## 1. Status

Status frå Årdal kommune: ÅK har leigd inn Asplan Viak for å lage ein plan for opprydding og tilbakeføring av elveløpet.

Kommentar frå NVE: Plan for arbeidet skal vere ein grovmaska skisseplan som skriftlegjer kva som må gjerast med elva for å sette den tilbake til tilstanden før «Jakob». Det treng ikkje vere ei fullstendig prosjektering.

Viktig å komme raskt i gang med opprensking av løpet.

## 2. orientering frå Hydro

Status Hydro (regulant):

- ✓ Hydro orienterte om kraftverket og vannvegar
- ✓ Hydro sitt ansvar i ligg i internkontrollforskrifta og rutiner ligg i tilsynsplanen. Tilsyn skal etter plan utførast kvart 5 år, men også etter større hendingar
- ✓ Regulant tilfører ikkje aktivt noko vatn til vassdraget. I 2022 brukte Hydro om lag 2 mill til rydding av elveløpet. Då vart masser fjerna ned til gamal elvebotn.
- ✓ Regulant meiner dei har tatt eit større ansvar i 2022 enn dei er pålagt som regulant.

- ✓ Årdal kommune meiner regulant er ansvarleg for drift og vedlikehald av elva. Hydro er ikkje einig i dette.

## 3. Ansvar og diskusjon

- ✓ Det er ikkje stadfesta kven som har bygd tersklar i elva. Det er heller ikkje avklart kven som har bygd sikringa og kven som har ansvar for drift og vedlikehald.
- ✓ NVE v/miljøtilsynet påpeikar at det er viktig å få oversikt over kven som er aktører så lenge det er uklare ansvarsforhold.
- ✓ Det er ikkje miljøtilsynet i NVE si rolle å definer kva ansvar regulant har. Det er regulanten si oppgåve og definere seg inn eller ut av ansvaret.
- ✓ Kven som har bygd anlegget er sentralt. Denne avklaringa må på plass først.
- ✓ I 2022 var det ingen diskusjon om ansvar, og Hydro påtok seg eit ansvar ut over kva som er forventa av regulant.
- ✓ Ved sentrumsnære sikringar er ofte kommunen sentral aktør.
- ✓ Hydro: har ansvar for tilsyn av eksisterande sikring i vassdraget i kraft av å vere regulant.
- ✓ NVE: Ved eit krisetiltak må økonomi avklarast. Deling mellom kommune og Regulant?

**Etterskrift:** NVE har funne gamle avisartiklar som peiker på at det var Hydro aluminium (Årdal og Sunndal Verk) som har etablert sikringsanlegget i Sitla. Etablert ca 1956. Artiklane blir lagt ved referatet. Anbefaler at kommune, Hydro Energi og Hydro aluminium avklarar drift og vedlikehaldsansvar på eksisterande sikring.

---

## Naddvik (Vikadalen)

- ✓ Asplan Viak lager plan for tiltak på oppdrag for kommunen.
- ✓ Østfold Energi er regulant.
- ✓ NVE har hatt teamsmøte med regulant. Regulant ser på skader like ved innslag for tunnel til kraftstasjonen. Det er ikkje avtalt synfaring mellom NVE og regulanten.
- ✓ Alle parter må opprette kontakt, slik at arbeida kan samordnast
- ✓ Regulanten kjem med plan for det som dei meiner er sitt ansvar
- ✓ Ansvarsavklaring må på plass her også

## Seimdalselvi

Seimsdalen kraft as har eit kraftverk i elva. Dette er eit elvekrtaftverk som ikkje har inntaksbasseng. Har liten eller ingen innveknad på flaum i elva.

- ✓ Er ikkje meldt inn skade frå kraftverket.
- ✓ Elva er synfart av NVE og kommunen
- ✓ Skader på forbygging frå sjøen og forbi utløpet på kraftverket

## Offerdalen

- ✓ Skader ved utløpet av elva. Elva har tatt nytt løp
- ✓ Freda bygningar som er utsett for skader
- ✓ Riksantikvaren har rolle
- ✓ Øvrige skader oppe i dalen er truleg naturskadesaker

# Vegen vidare

Generell reglar ved denne type hendingar:

- ✓ Eigar av infrastruktur har ansvar for eigne anlegg, og må dekke kostnader til reparasjon av desse.
- ✓ Grunneigar er ansvarleg for eigne areal. Areal på eigen grunn inntil 5daa skal dekkast av husforsikring på eigedomen.
- ✓ Private veger, bruer , landbruksareal og andre konstruksjonar (areal ut over 5daa) skal meldast inn til som naturskade.
- ✓ Informasjon om NVE sine ordningar vart sendt ut i eit eige skriv til kommunane, 4.nov.24, sjå elles; Økonomiske støtteordninger til miljøtiltak, kartlegging og sikring mot naturfare

**Kommenterte [JF1]:** Sjekk at denne linken fungerer

For tiltak som kan få støtte av NVE:

- ✓ **Raskt på plass med skisseplaner som beskriv kva som skal gjerast. Inkludert kostnadskalkyle. Beskrive kva anlegget sikrar.**

## *10.000 innbyggja -*

på dette feltet skal det no skaffast plass til 600 husvære. Området i kneet på Ardøla er idrottsanlegget til Jotun. I framgrunnen til venstre ser ein litt av villabyen på Vee-sida. Der har sjølvbyggjarane vore i sving i alle år, og det er dei og no. Det skal byggjast ny bru mellom Farnes og Vee-sida, og ho vert liggjande nokre få meter til venstre for den noverande brua. Til venstre for vegen oppover frå den nye brua til plassen framfor fabrikken skal rutebilstasjonen liggja, og ovafor den skal bustadbyggjelaget byggja ei blokk på 18 husvære. Ein ser at elva Sitla har fått nytt lægje heilt frå fjellfoten. Det var denne elva som slo seg rebelsk i flaumen i fjor haust. Mellom dei kvite murblokkene midt på biletet har ein det flotte hybelhuset framanfor. I dei tre blokkhusa bak er det 12 husvære i kvar, og dei vart ferdige i sumar. Ingeniør Småbrekke er no i gang med å reisa 5 tilsvarande blokker, og dei skal verta ferdige til sumaren. Alle desse husa høyrer til Verket. Alle husa til høgre for Sitla vart bygde av Verket førre året, og det er der dei fleste anleggsarbeidarane bur. Dei svære husa ein ser ved enden av fabrikkområdet er no for det meste ferdige. Framanfor ser ein det nye badet med port-arrangement, deretter kontor- og laboratoriebygget, hovudlagret og sekkelagret. Elles ser ein at reisinga av konstruksjonane til den nye hallen no er kome godt og vel halvparten, og ein ser vidare at fundamenta til denne hallen rekk heilt fram til porten. Hallen vert då og om lag 550 meter lang. Det bygget med tårn som ein ser i arbeid framanfor den nye

## *Det er framleies -*

Til vanleg er det milde vintrar og lite snø der ute. Dyra lever då av lyng, tang, tare og grasrestar. I harde vintrar kan det nok bli knapt om føda, og leverikte og andre snyltarar kan herja stygt. År om anna kjem det også inn klager til dyrevernnemnd og politi over at dyra fer ille, og klagaren konkluderar oftast med at villsauhaldet bør avskipast.

For å få betre skikk på tilsyn, avl og rådgjerder mot sjukdom, var det at distriktsveterinæren og fylkesagronomen i 1956 gjorde opptaket til å skipa Villsaulaget på Selbjørnen.

Ein kan alt peika på resultat av laget sitt arbeid. Hausten 1956 var distriktsveterinæren og fylkesagronomen med på sankinga. Alle verlam og dei ringaste hodyra vart då skilde frå. Dei beste verlamma vart kåra og sette på ei øy for seg sjølv, og slept til flokken att kring 1. november. Våren 1957 kom lamminga ein månad seinare enn vanleg. Dette gjorde sitt til at både lam og morsøyer fekk betre vilkår dei kritiske dagane etter lamminga, og i haust kunne me slå fast at det både var fleire lam og trivelegare lam enn tidlegare. Siste hausten vart elles alle livdyr i flokken kapsla med «Ovinal» mot leverikte. For å få inn litt nytt blod, er det i haust kjøpt inn nokre verlam frå «villsaustamma» på Statens veterinære forsøksgard, Hodne.

## *Premilista -*

*Grunnlaget.*

1. Gudmund Husabø 87 pg. 2. Odd Eggum 86 pg. 3. Ragnar Husabø 85 pg.

*Feltsnøggskytinga.*

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Ragnar Husabø | 12.6 sek. |
| 2. | Odd Eggum | 13.2 « |

*Vendefigur*

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Ragnar Husabø | 55 pg. |
| 2. | Gudmund Husabø | 51 « |

*Stangen, alle klassar.*

1. Ragnar Husabø 18 treff. 2. Gudmund Husabø 15, 3. Olav J. Husabø 13, 3. Odd Eggum 13, 5. Nils Hamarsnes 11, 6. Nils O.

smilte, det hende
kjente meg takks
ianske skjemteg
var skarp og fælt
dom litt grov. M
le åt livsens von
leri. Han had
motgang, men n
rekna for å vera
humorist i Danm
då han ikkje k
skjemtsamt som
han trudde dikta
traut for alvor, o
i leva lenger. Na
så lang som eg h
står enno levand

Dette kom føre
fyrste 20 bøkene
**nordiske bibliotek**
kjøpte «Livsens o
ho opp att. Ho
seg så mykje at
For dei som ikkj
manen før, er ha
Desse skildringan
ske småbyen min
dom om Dickens,
beiskare enn den
engelske romanfo

Fleire av desse
til det beste som
og svensk littera
kjem og prøver
og islandsk dikti
daktør er univers
ling Nielsen, som
om bøker og dikt
er ein fin og logn
ist. Der er dette b
beste hender.

Så får me sjå k
om folk vil lesa
svensk. Tiltaket e
Cappelens forlag
takk og ære for
store vågnaden.
frie vitnemøta i
lesaka, er det ka
som får hug til å
landegrensene og
diktarane der ha
i kring seg. Du

**Nationen 27 april 1956:**

# Årdal og Sunndal Verk i gang med utbygging av kraftanlegg i Skjolden

## Og førebur tre gonger så store anleggsarbeid i Årdal

### For å auke aluminiumsproduksjonen med 36 000 tonn om året

PRIVAT TIL NATIONEN

Årdalstangen i april.

A/S Årdal og Sunndal Verk er i gang med utbygging av kraftanlegg i Skjolden i Luster og førebur tre gonger så store anleggsarbeid i Årdal for å auka aluminiumsproduksjonen med 36 000 tonn om året eller med ca. 150 prosent.

Trongen til arbeidskraft er rekna til 8-900 mann i 1956 i 1956 aukande til 12-1300 mann sommaren 1957. Kring 60 prosent av denne styrken kjem til å arbeida i Luster. Men ein 300 à 350 anleggsarbeidarar skal det etter prognosen verta i Årdal sommaren 1956.

Verket har førebudd seg lenge. Såleis har reguleringsarkitekten arbeidd ut ein plan for noko av Verkets eigedom på Vee, mellom Sitla-elva og fabrikkområdet som skal verta bustadstrok og samstundes gje plass for forretningar, hybelhus og kino attåt tomt til rutebilstasjon for A/S Årdal Billag. Prosjektet er ei omregulering og godkjent av Årdal bygningsråd kort tid sidan. Riksvegen Årdal-Tyin lyt få ny trasé ved å leggjast lenger mot vest og kryssa Tangevegen lenger nede enn nå. Krysset vert romsleg, og frå dette skal vegen førast nær rettlina til ei ny bru over elva mellom Vee og Farnes. Den gamle brua over elva lenger oppe vil deretter tena meir som eit samband mellom verksområdet og Farnes og venteleg kunna avlastast for om lag all biltrafikk. Dette kjem godt med, for brua er utenleg smal etter trafikken nå. Ho er berre 3 meter breid. Den nye brua skal koma så langt nedanfor den gamle som mogleg når ein tek omsyn til at ein lyt unngå å fjerna hus på Farnes av omsyn til brua og den nye vegtraseen. Vegstellet har godkjent planen.

I det omregulerte stroket vert det rom til mange husvære. I første omgang skal dei tena til å skaffa hus til anleggsarbeidarar attåt dei som skal innlosjerast i hybelhuset som venteleg vert påbyrja til sommaren. For tida arbeider kring 80 mann med husbygginga, og det skal førast opp 17 to-mannsbustader og 10 4-mannsbustader. Med små endringar skal dei kunna omlagast til husvære for familiar når anleggstida er slutt. Farten i bygginga er stor, med di det vert arbeidd i to skift. Verket bygger sjølv mesteparten av husa, men ein entreprenør har nokre av dei. I mai er

det planen at første husa skal verta ferdige, og då kan ein venta at anleggsarbeidarar rykker inn i dei straks.

Nærare Farnes er og prosjektert bustader, men i murblokkar på 3 høgder. Det er innteikna 6 slike på planen, og kvar skal innehalda 12 husvære eller i alt 72. I minsto tre av blokkane vert bygde snart, etter det ein kjenner til.

Elvefaret til Sitla vert retta ut for å vinna inn grunn. Dette er ikkje noko storarbeid. Men derimot driv eit entreprenørfirma i harde tak med kanaliseringsarbeid i Utla og Tya, der elvane renn saman. Det vert laga nytt elvefar framom fabrikkområdet for å få rom til massen som vert til overs ved tomtearbeid for fabrikkhallene. Det er ikkje små område ein vinn inn på denne måten. Det er nemnt kring 60 000 rutemeter. Arbeidet tok til tidleg i vinter og har vorti forsert fram, for det gjeld å få det unnagjort før vårflaumen set inn. Arbeidet vert sjølvsagt gjort med maskiner, og ikkje mindre enn to gravemaskiner, fire bulldozarar og 6 lastebilar er i verksemd på staden attåt at arbeidet går i to skift med ein arbeidsstyrke på 35 mann. Det er veldige mengder med masse som vert flytt, og det går store mengder stein med til å bygge opp ein sterk elvebard mot verksområdet.

Samstundes med husbygginga på Vee, går det og føre seg reguleringsarbeid her. Etter ynskje frå Verket har kommunen teki på seg å utføra arbeidet med vegar, vatn og kloakk i stroket der to- og firemannsbustadene skal stå. Entreprenør I. Gotteberg har gravingsarbeidet her som i elvane, og det vert gjort med maskin. Også her hastar det, for grunnvatnet kan koma til å umogleggjera legging av leiingar for vatn og kloakk, om ein ikkje får gjort det før dette gjer seg gjeldande. Området er etter måten billeg å regulera, bortsett frå at det er svært med stein i grunnen, då det berre er tale om ein veg med hus på båe sider.

Øvre Årdal kjem til å verta utan kino nokre månader, med di Folkets Hus (ei brakke på Vee) lyt fjernast av omsyn til fabrikkhallene. Verket meiner å føra opp ein ny kino og ta til med arbeidet allereide i vår, slik at den kinolause perioden ikkje skal vara lenger enn høgst turvande. Den nye kinoen får visstnok 500 plassar og scene som stettar krava Riksteatret set, så det vert eit gildt bygg. Kinoen skal byggjast tett inntil hybelhuset, og det er opplyst at Verket og samfunnshusnemnda i Øvre Årdal har tinga om nytting av hybelhuset til samfunnshus så snart anleggstida er slutt og Verket ikkje lenger treng det til innlosjering av anleggsarbeidarar. Det andelslaget som er skipa til løysing av samfunnshussaka får då arbeida vidare med spørsmålet, og så vidt ein kjenner til er det meininga at laget også skal overta kinobygget. Det vert venteleg straks bygningen er ferdig, for det er vel lite truleg at Verket vil driva kinematograf.

Men det er store bygningar og dyrt å bygge i desse dagar, så det vert nok eit løft å ta for dei samskipnadene som skipar andelslaget, sjølv om dei kan rekna med økonomisk stønad frå Verket, kommunen og vonleg Statens Ungdoms- og Idrettskontor.

## Været * * * * *

Værvarsler som gjelder til natt til lørdag:

Indre Agder, Telemark: Svak vind, for det meste skyet vær. Litt spredt regn av og til.

Buskerud, Vestfold, Østfold, indre Oslofjord, Oslo, Akershus, Sør-Oppland, Sør-Hedmark, Valdres: Svak vind, skiftende skydekke, utrygt for enkelte spredte regnbyger.

**— Et 2-motors sovjet'sk fly styrtet i går morges ned i utkanten av Øst-Berlin, ikke langt fra flyplassen Schönenfeld. 3 personer ble drept på stedet, mens 3 andre kom fra det med livet i behold.**

Miss May og
Også Tel
skap har 1
gram søndag
av begge ras
er det noe ov
dagen, som a
på Klostersk
det nesten e
27. mai.
På Leange
det en noe f
søndag, med
store pokal b
gen og Foru
vanlige stevr
Så er det
søndag med
dan DNT's l
arte seg står
som man sier
avklaring i k
steeierforbun
gjørelse her
tidligst sønd

## Tysk e
## politisk
### Felles a
### intere

**De politi**
**ningskrav**
**kommet i**
**Fungerende**
**statsråd A**
**i Stortinge**
**spørsmål f**
**de interess**
**deriblant d**
**muligheten**
**til beskytt**
**borgeres l**
**teresser. D**
**disse overv**
**ger i nær**
**en felles ak**
**de stadium**
**mulig å g**
**nøyaktige**
**delikate o**
Statsråden
tap og den
de norske k
gen er medre
ningskrav so
fra norsk si
konferansen
Ved Ersta
ling er tysk
verdi av ca. 5
fordelt mell
berettigede l
te beløp fått

## Ny kommisjonær:



Stabile
sikret mot rentepålec

Bilete tatt frå Tyinvegen 1954 før kanalisering av Sitla:

